

**KONTROLLUTVALET I
SYKKYLVEN KOMMUNE**

MØTEBOK

Møtedato: 03.05.2012, kl.14.00

Møtestad: formannskapsalen

Møtet vart leia av: Odd Jostein Drotninghaug

Elles tilstades:

Sigmund Valbø, Grethe Melseth, Ole Bjørn Roald, Anita Søvik

= 5 voterande

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Harald Rogne.

Frå kommunerevisjonen møtte dagleg leiar Kjetil Bjørnsen.

Frå Sykkylven kommune møtte ordførar Petter Lyshol, rådmann Ole Johann Lillestøl og økonomisjef Arild Bergstrøm møtte i sak 16/12 og 17/12.

Det vart meldt inn to saker under eventuelt.

Det kom ikkje fram merknader til innkalling eller sakliste, men det kom merknader på manglande utsending av rekneskap og årsmelding.

SAK 15/12

GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 21.03.2012

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtebok frå møte 21. mars.2012 blir godkjent.

SAK 16/12

ÅRSMELDING 2011 – SYKKYLVEN KOMMUNE

Innstilling frå kontrollutvalsekretariatet datert 25.04.2012

Årsmelding framlagt i møtet vart gjennomgått

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

1. Saka blir å utsette til neste møte.
2. Rådmannen blir bedt om å sende årsmeldinga til medlemmane i kontrollutvalet når denne ligg føre.

SAK 17/12

KOMMUNEREKNESKAPEN 2011 – SYKKYLVEN KOMMUNE

Innstilling frå kontrollutvalsekretariatet datert 25.04.2012

Kommunerekneskapen framlagt vart gjennomgått.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

1. Saka blir å utsette til neste møte.
2. Rådmannen blir bedt om å sende kommunerekneskapen til medlemmane i kontrollutvalet når revisjonsmelding er motteke.

SAK 18/12

OPNE ELLER LUKKA MØTE I KONTROLLUTVALET (Saka kom opp under eventuelt)

Saka vart drøfta.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet avventar mulig lovendring.

SAK 19/12

SPØRSMÅL OM FORSVARLEG KUNNGJERING AV MØTE (Saka kom opp under eventuelt)

Spørsmålet knytta seg til eit ekstraordinært møte i formannskapet. Møtet var ikkje kunngjort i avisa og det er ikkje kjent når møtet vart kunngjort på kommune si heimeside.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

Odd Jostein Drotninghaug
leiar
(sign.)

Sigmund Valbø
nestleiar
(sign.)

Grethe Melseth
medlem
(sign.)

Ole Bjørn Roald
medlem
(sign.)

Anita Søvik
medlem
(sign)